



En til En Arkitekter
Kristian Solheim
Øvre Korskirkesmug 2B
5018 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2673 - 14/7334

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
01.04.2014

Svar på søknad om avkjørsle frå kommuneveg - gbnr 137/665 Alver

Teknisk drift syner til e-post registrert 20.03.2014 vedkommande søknad om avkjørsle frå kommunal veg for 2 bustadeiningar – gbnr 137/665 Alver. Grunngevinga for denne plasseringa er at ein her vil få mindre stigning i avkjørsla. Avkjørsle som vist i søknad kjem i konflikt med kommunalt veglys. Teknisk drift sett derfor vilkår om at veglys vert flytta og at kostnad med flytting tilfaller søkjar.

Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknad om vil gje løyve til etablering av avkjørsle for inntil 2 bustadeiningar på følgjande vilkår:

- Avkjørsla skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til utforming som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg», §§ 40-43 i Veglova, samt vegnormal 017. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn. Siktsoner skal ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkommande tekniske krav til avkjørsle finn ein på www.lovdatab.no og www.vegvesen.no
- Avkjørsla sin plassering kjem i konflikt med kommunalt veglys. Dersom avkjørsle skal være plassert som vist i søknad må veglys med kablar flyttast. Kostnad med flytting av veglys tilfaller søkjar.
- Ny plassering av veglys må være slik at veglys i minst muleg grad vert til hinder for avkjørsla.

Vi gjer merksam på at opparbeiding av avkjørsle/gangveg er søknadspliktig tiltak hos byggesak.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Teknisk drift vil også gjere Dykk merksam på at det kan ligge andre kablar i veg/vegggrøft som kan verte berørt av arbeidet. Før oppstart må ein ta kontakt med Gravemelding.oslo@geomatikk.no og gravemelding@bkk.no for påvising av eventuelle kablar i veg/vegggrøft.

Gangveg frå kommunalt fortau:

Det vert søkt om etablering av gangveg frå kommunalt fortau. Teknisk drift har fått opplyst at formålet med etablering av gangveg, er å tilretteleggje tilkomst for rullestol. Teknisk drift vil godkjenne etablering av gangveg frå kommunalt fortau under følgjande føresetnad:

- Gangveg skal ikkje nyttast som kjøreveg. Det vert derfor sett krav om at gangveg skal opparbeidast med ei breidde på maks 1,0m.
- Under gangveg skal det leggjast ned dreneringsrør med diameter på minimum 200mm. Dreneringsrør skal leggjast slik at overvatn får fritt løp inn og ut av røret.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgjer av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkommande part har nytta høva til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre. Jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:
En til En Arkitekter

Øvre 5018
Korskirkesmug 2B

BERGEN